

**Hagearbeid framfor kafebesøk?**

04.05.2010

**Truleg har fleire av uskedelingane som plar å stikka innom kafeen i Gamleskulen på tysdagane prioritert hagearbeid i dag.**

**I alle fall har det ikkje vore fleire enn 16 kafegjestar og dei flinke dugnadsdamene har hatt ein heller roleg dag.**

Men statistikken for besøket etter påske er slett ikkje verst.

Sist tysdag var det 27 vaksne og 3 barn innom og tysdagen før der stoppa talet på 31 vaksne og 1 barn.

Dei 2 første tysdagane etter påske var det 18 vaksne og 5 barn og 31 vaksne og 7 barn.